



Arkivnr: 2016/2314-21

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Refinansiering av sertifikatlån 350 mill. kr**

### **Samandrag**

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 28. oktober 2016. Ein har fått inn tilbod på nytt lån frå 7 bankar. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12 mnd. sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta fram til 27. oktober 2017 er 1,30 %.

### **Vedtak**

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 350 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta fram til 27. oktober 2017 er 1,30 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.10.2016**

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 28. oktober 2016. Renta på lånet har vore 1,455 % siste året.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt sertifikatlån. For tida er det liten skilnad i rentesats mellom 3 månader, 6 månader og 12 månader. Ein har bede om alternative tilbod på 6 og 12 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og har fått inn desse tilboda:

	6 mnd	12 mnd
SEB Merchant Banking	1,330 %	1,300 %
DNB Markets	1,304 %	1,323 %
Kommunalbanken	1,328 %	1,330 %
Nordea Markets	1,335 %	1,340 %
Danske Bank Markets	1,300 %	1,340 %
Sparebank 1 Markets	-	1,350 %
Handelsbanken	1,370 %	-

Danske Bank har lågast det lågaste tilbodet på 6-månaders lån, med 1,30%. SEB er lågast på 12-månaders lån, med same prosentrentesats; 1,30%.

Med same rentesats, vil fylkesrådmannen velje det lengste lånet, og aksepterer tilbodet frå SEB Merchant Banking.